

Are Iversen  
Bergen Syklesport AS

Dato: 29.06.2016  
Vår ref.: 2014/24367-12  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.:

## Prosjektilskot sykkel og helse

Det vert søkt om tilskot til å starte prosjekt retta mot psykiatrien i Hordaland. De ser på sykling som noko meir enn berre det reint sportslege. De ønskjer å synleggjer helsefremmande effektar, og ønskjer å få folk i aktivitet på sykkel, både som mosjon og som transport. Hordaland fylkeskommune ser dette arbeidet i samanheng med andre regionale tiltak for målgruppa. Det vert jobba med å utvikle tilbodet både gjennom fornying av tilbod og ved å legge aktivitetar til nye stadar med nye samarbeidspartar.

Målet for prosjektet med sykkel og psykisk helse er å løfte aktivitetsnivået til dei som slit psykisk, til eit nivå kor dei hentar ut dei positive effektane. Innanfor målgruppa vil det vere ulike målsetningar. For nokon av gruppene er målet å komme seg i aktivitet i det heile teke, medan for andre grupper vil det kanskje bli konkrete mål som fullføring av eit turritt.

Det vart søkt om kr 150 000,- til gjennomføring av prosjektet i 2016, og oppmoding om å sette av kr 50 000,- til innkjøp og drift av racersykler som treningsgruppa kan nytta seg av.

### Vedtak

1. Det vert løyvd kr 150 000 ,- til prosjektet Sykkel og psykisk helse. Prosjektet vert sett som ein del av ei heilskapleg satsing på sykkel i eit folkehelseperspektiv med psykiatrien i Hordaland som spesifikk målgruppe. Hordaland fylkeskommune føl opp prosjektutviklinga gjennom deltaking i prosjektgruppe.
2. Det vert løyvd kr 50 000,- til innkjøp og drift av utstyr til prosjektet. Desse midlane vert omdisponert frå tidlegare vedteken løyving til Voss kommune for Vinterfestivalen i Myrkdalen som vart avlyst i 2016.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedteke. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar er pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som leverandør då dette er ei utbetaling. For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar;

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllest ut i feltet kjøpars referanse.

- Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- *Link til brukarrettleiing*

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarrettleiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2014/24367

Ressursnummer: 400

Beløp: 200.000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt.

Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt innan 15. desember 2016. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informere om eventuell vidareføring.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

### Brot på vilkår og føresetnadar

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

### Klage/partsinnsyn

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søkar mottar melding om vedtaket. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Rune Torkildsen

